



NORCONSULT AS AVD BERGEN
Postboks 1199 Sentrum
5811 BERGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon

Maria Knagenhjelm, 5764 3137

Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde - legging av sjøleidning mot Mongstad - løyve - Norconsult

Dokument i saka

- Søknad frå Norconsult AS på vegner av Alver kommune datert 11.08.2020 med vedlegg
- Utfyllande informasjon datert den 11.02.2021 frå Norconsult AS
- Forskrift om vern av Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde i Alver og Austrheim kommunar, Vestland fylke, datert 26.06.2020
- Naturmangfaldlova

Søknaden

Vi viser til søknad frå Norconsult AS på vegner av Alver kommune datert 11.08.2020, om dispensasjon for å leggje ny sjøleidning for industrivatn gjennom Fjellangsvågen, Haukåsstraumen, Spjeldosen og Syslakvågen i Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde. Vi viser også til utfyllande informasjon etterspurt av oss, og som vart motteke den 11.02.2021.

Alver kommune har ansvar for å forsyne vatn til Mongstad-området med tilstrekkeleg mengde og tilstrekkeleg tryggleik i drikkevass- og industrivassforsyninga. Området har ingen naturlege kjelder for ferskvatn og er avhengig av å tilføre/pumpe vann frå område lengre sør i kommunen. Store delar av Mongstad-området er regulert til industriområde der m.a. raffineriet til Equinor, i tillegg til fleire andre verksemder, har forsyningsbase. I tillegg er det ulike produksjonsanlegg, lager- og kaianlegg m.m. Nabokommunen Austrheim med sine innbyggjarar, får også drikkevattnet sitt frå Alver kommune.

Den nye sjøleidninga vert skildra i søknaden som *svært viktig for Alver kommune som er redd en langvarig tørkeperiode vil tvinge fram en sterkt redusert vannproduksjon, med de konsekvenser dette får for Mongstadorrådet og Austrheim kommune som får alt sitt drikkevann fra Litlås-anlegget.*


Dagens pumpestasjon for å få fram vatn ligg inst i Fjellangsvågen, og kapasiteten er ca 95 m³ i timen. Pumpestasjonen og pumpeleidninga er planlagt oppdimensjonert for å kunne overføre opptil 600 m³ i timen. NVE har gitt konsesjon til tiltaket, og søknaden skildrar vassleidninga som av vital



betydning for å sikre viktige samfunnsinteresser både for alle som bur i området og for anlegga til verksemdar som Equinor m.fl. på Mongstad.

Eksisterande pumpestasjon og rørleidningar vart bygd på 1980-talet og ligg inne i kommuneplanen som eksisterande anlegg. Alver kommune søker om dispensasjon/løyve til å byggje om pumpestasjonen og til å leggje ei ny og større pumpeledning i same trasé som dagens ledning, som vil bli fjerna. Vidare står det i søknaden: *Eneste endring når det gjelder sjøledningen vil være rørdimensjonen og at landtak i Adnevikslaøyfjes fordi det ikke vil være behov for trykkforsterkning på den nye overføringsledningen. Rørledningen føres inn Syslakvågen istedenfor Skornesvågen.*

Kart over ny trasé og gamal rørledning som skal fjernast, som henta frå søknaden:



Blå strek = Eksisterande pumpeledning Ø225-250 mm. Ca. 8,5 km i sjø og 0,3 km i grøft.
Rød strek = Ny pumpeledning Ø560 mm. Ca. 5,8 km i sjø og 2,0 km i terreng/langs vei.

Alver kommune v/Norconsult søker om dispensasjon frå fleire regelverk, mellom anna for bygging av pumpestasjon innanfor 100-meters beltet/strandloven, på dyrka mark i LNF-område, langs ein veg med avstandskrav, med meir. Tiltaket er også planlagt innanfor Lurefjorden og Lindåsane marine verneområde som vart oppretta ved kongeleg resolusjon i juni 2020.

I søknaden viser Norconsult til at legging av ny vassledning i Lindåsane i konsekvensutgreiinga frå 2013 vart vurdert som «ubetydeleg til liten negativ konsekvens». Dei viser også til verneprosessen for det marine verneområdet, der Miljødirektoratet tilrådde at drift og vedlikehald av eksisterande kablar ikkje skulle bli råka av vernet, men at legging av nye kablar og rørleidningar måtte bli handsama som dispensasjonar frå verneforskrifta. Norconsult skriv at dei ikkje er kjent med behov



for sprenging i sjø, og at ledninga vil bli senka ned på lausmassebotn. I overgangen mellom land og vatn vil dei grave ned røyrleidninga for å skjule den frå overflata.

Den tekniske utføringa av tiltaket vert skildra slik i søknaden: *Den nye ledningen er ca. 6 km lang. Den slepes/leveres i kortere lengder for sammensveising før den loddbelastes. Avrundede betonglodd monteres c/c 4-5 meter, litt avhengig av vekt. Ledningen kobles til pumpestasjonen inne ved Vågseidet og fylles forsiktig med vann. I motsatt ende settes det på et passende lufttrykk slik at ledningen kan senkes kontrollert og om nødvendig heves/stoppes. Senkehastigheten er normalt 0,3 – 0,5 m/sekund, dvs. ledningen legger seg ganske langsomt ned på bunn. Senkingen kan reverseres dersom det er behov for justeringer av trasé. Ute på dypt vann ligger den oppå bunnmassene såfremt disse er noenlunde faste. Ved mudderbunn synker deler av loddene ned i muddret. Innerst i Fjellangsvågen, ved pumpestasjonen, må den graves/spyles ned for ikke å begrense båttrafikken, som utelukkende er små fritidsbåter. Det samme gjelder der den skal i land innerst i Syslokvågen. Der er det ikke båttrafikk. Selve utførelsen tar ca. 1 måned, hvorav loddlasting av ledningen er det mest tidkrevende. Ferdig loddlastet ledning ankres opp flytende for senere å bli slept i posisjon før senking. Selve senkeprosessen tar 4-5 timer. Ledningen senkes i en på forhånd oppmålt og markert trasé, i tillegg til at det benyttes gps-målinger. Etter senking blir ledningen trykkprøvd, filmet og innmålt. Målingene sendes Kystverket for innlegging i sjøkart.*

Botnforholda langs traséen vert skildra i søknaden. I Fjellangsvågen er det i hovudsak mudderbotn, gjennom Haukåsstraumen er det mudder, leire og stein, usikkert kunnskapsgrunnlag i Spjeldosen, men inn mot Ådnevik er det mudderbotn, og det vert også vurdert av søkjar at det er mudderbotn inn mot og inne i sjølv Syslokvågen.

I dette dokumentet handsamar miljøavdelinga til Statsforvaltaren den delen av søknaden som går på tiltak i det marine verneområdet etter verneforskrifta. Det marine verneområdet dekker eit sjøareal på om lag 71 km² i Alver og Austrheim kommunar med grense mot land langs djupnekote 2 m under sjøkartnull. Verneområdet femner om overflata, vassøyla og sjøbotnen. Ansvarleg tiltakshavar er sjølv ansvarleg for å innhente løyve etter andre lovverk.

Lovgrunnlag

Føremålet med Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde er å ta vare på eit unikt fjord- og pollsystem med lågt oksygeninnhald, med mellom anna spesielle førekomstar av den djuptlevande kronemaneten *Periphylla periphylla* og ishavsåte *Calanus glacialis*, og ei eiga sildestamme. Det er ei målsetjing å halde verneverdiane utan større grad av ytre påverknad, og området skal kunne tene som referanseområde for forskning og overvaking. Verneføremålet knyter seg til vassøyla og sjøbotnen (verneforskrifta § 1).

I verneforskrifta § 3 står det at i det marine verneområdet må ingen setje i verk noko som skader verneverdiane nemnt i verneføremålet. Både vegetasjonen og dyrelivet er verna mot skade og øydelegging. Området er verna mot tiltak og inngrep som kan skade verneverdiane som t.d. (vår understreking) etablering av ulike typar anlegg, utfylling, byggeverksemd, plassering av konstruksjonar på sjøbotnen, andre varige eller midlertidige innretningar, legging av røyrleidningar og kablar, utføring av avløpsvatn og andre konsentrerte tilførsler av ureining, mudring, uttak og deponering av masse, sprenging, boring, utslepp av kjølevatn frå land, omrøying av vassmassar og oppankring. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje uttømmende.

Verneforskrifta § 5 b seier at Statsforvaltaren kan gje dispensasjon frå verneforskrifta til legging av kablar og røyrleidningar, så langt som mogleg samla i korridorar. Delar av tiltaket er aktuelt like




utanfor den faktiske vernegrensa (ilandføring av rørleidninga og pumpestasjonen), men det meste av den omsøkte rørleidninga ligg innanfor i verneområdet.

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Tiltak av denne typen er omfatta av verneforskrifta for det marine verneområdet. Sjølv om tiltaket er i samsvar med kommunale planar og har fått konsesjon av NVE, er det rett av Alver kommune v/Norconsult AS å sende søknaden til oss for vurdering etter verneforskrifta. Gjennomføringa av tiltaket føreset at Statsforvaltaren som forvaltningsmynde for verneområdet gir dispensasjon frå verneforskrifta.

Verneføremålet i Lurefjorden og Lindåsosane er å ta vare på eit unikt fjord og pollsystem, mellom anna med spesielle førekomstar av ei eiga sildestamme som er unik for dette geografiske området. Det står også at målsetjinga er å halde verneverdiane utan større grad av ytre påverknad. Det omsøkte tiltaket skal leggje ein 6000 meter lang rørleidning med diameter Ø560 mm, inn Syslokvågen, ein våg der det ikkje har vore tekniske inngrep på botn frå før. Syslokvågen er mellom anna nytta som gyteområde for den unike sildestamma i pollsystemet kjent som Lindåspollane eller Lindåsosane.



Figur 6 Ulike funksjonsområde for sild i Lindåsosane inkludert gyteområder (spawning) vist som rødt for sesongen 2005 2006. Gyteområde blant annet for Syslokvågen øverst til høyre. Figur er hentet fra en artikkel i ICES CM 2006.



I naturbase er heile sjøarealet i Lindåsasane (med unntak av Haukåsstraumen og Fjellangspollen) gitt verdi som nasjonalt viktig gyteområde for torsk. Fordi vi meinte vi ikkje hadde nok kunnskapsgrunnlag (nml § 8) for å kunne avgjere søknaden sendt av Norconsult i august 2020, ba vi om ekstraordinære naturfaglege vurderingar for å kunne ta stilling til søknaden. Vi fekk ettersendt dette i februar 2021. Kartet (i biletteksten omtalt som Figur 6) er ein del av denne ettersendinga.

Statsforvaltaren har også vore i munnleg kontakt for å innhente kunnskap frå Havforskningsinstituttet om den mest sårbare tida for silda. Dei meiner at silda sitt gytefelt og gyteaktivitet i Syslokvågen ikkje blir negativt påverka dersom det omsøkte tiltaket vert gjennomført etter den mest sårbare tida i livssyklusen deira. Statsforvaltaren sluttar seg til denne vurderinga, og set vilkår om driftsmetode i tid. Torsken gyter i dei frie vassmassar i februar-mars. Vi meiner såleis at vi har tilstrekkeleg kunnskap til å kunne avgjere saka (nml § 8), og set vilkår om at anleggsperioden skal være mellom 1. juni og 1. januar for å ta omsyn til føre-var prinsippet (nml § 9).

Tiltaket med å leggje ny og større dimensjonert rørledning er viktig for industri og kritiske samfunnsfunksjonar på Mongstad og i Austrheim kommune. Verneforskrifta opnar opp for nye rørleidningar, gjerne samla i ein trasé. Vi er ikkje kjent med andre leiing- eller kabeltraséar der dette tiltaket kan leggjast i lag (nml § 10). Vi ser på det som positivt at søknaden legg til grunn at dei skal fjerne den gamle rørleidninga som ikkje lengre vil være i bruk (nml § 11), og ser på den samla belastninga også i lys av dette. Vi har brukt nml § 12 i vurderinga med vilkårssetting, der både anleggsperioden er vesentleg, vilkår om å ikkje øydelegge viktige naturførekomstar langs traséen som vi ikkje har kunnskap om på vedtakstidspunktet, samt at det ikkje vert gjeve løyve til sprenging eller andre inngripande terrengtilpassingar. Søknaden skildrar at leiing vil bli senka på lausmassebotn, der den gradvis vil bli dekkja av sediment. Det er i hovudsak utanfor vernegrensa at det blir graving i fjæresona i indre delar av Syslokvågen.

Vi vurderer tiltaket til å ikkje medføre vesentleg auka påverknad på verneføremålet for det marine verneområdet i nemneverdig grad. Tiltaket har også ein vesentleg samfunnsinteresse. Vi finn det såleis rett å innvilge dispensasjon frå verneforskrifta med vilkår om at sjøbotn blir minst mogleg påverka og at den sårbare perioden for sild og torsk ikkje vert råka.

Vedtak

Statsforvaltaren i Vestland gjev dispensasjon etter § 5 b, jamfør verneforskrifta for Lurefjorden og Lindåsane, til legging av rørledning for vassforsyning til industriføremål på Mongstad og til Austrheim kommune, jamfør søknad, på følgjande vilkår:

1. Tiltaket kan gjennomførast i anleggsperioden 1. juni til 1. januar. Løyvet gjeld til og med år 2024.
2. Den gamle rørleidninga som ikkje lengre vil være i bruk skal bli fjerna og levert godkjent anlegg/mottak. Også dette må skje i same tidsperiode som punkt 1.
3. Rørleidninga langs botnen skal bli lagt i trase der den ikkje øydelegg viktige naturførekomstar.
4. Statsforvaltaren gir ikkje løyve til terrengtilpassing i form av sprenging eller anna tilsvarende anleggsarbeid på sjøbotn i verneområdet.
5. Alt avfall frå tiltaket skal leverast godkjent mottak, og sjøbotn rundt tiltaket skal være fri for avfall.
6. Statsforvaltaren skal ha ein rapport med bilete i ettertid at tiltaket, der m.a. endeleg trasé for ny leiing går fram, dato for gjennomføring, viktige observasjonar av fjordbotn ved legging av ny og ved rydding av gamal rørledning, med meir.



Vi minner om at dette er eit enkeltvedtak etter verneforskrifta, og at ansvarleg tiltakshavar sjølv er ansvarleg for å innhente løyve etter andre lovverk.

Klage

Denne avgjerda kan partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse klage inn for Miljødirektoratet med ein frist på 3 veker. Eventuell klage skal sendast til Statsforvaltaren, som vil vurdere klaga og sende den til Miljødirektoratet dersom vi ikkje finn grunn til å gjere om vedtaket.

Med helsing

Stein Byrkjeland
fagdirektør

Maria Knagenhjelm
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Alver kommune Havnevegen 41 A 5918 FREKHAUG
Statens Naturoppsyn Postboks 5672 Sluppen 7485 TRONDHEIM

AUSTRHEIM Sætremarka 2 5943 AUSTRHEIM
KOMMUNE
Norconsult